



Møteprotokoll

Utval: IKT Nordfjord - Representantskap
Møtestad: Teams
Dato: 13.04.2026
Tid: Kl. 09:00

Følgjande medlem møtte

Anne Kristin Førde
Arnar Kvernevik
Bengt Solheim-Olsen
Per Kjøllesdal
Judith Margrete Kvåle

Ordførar Bremanger kommune
Ordførar Gloppen kommune
Ordførar Kinn kommune
Leiar Representantskapet, ordførar Stryn kommune
Ordførar Stad kommune

Forfall
Tom Joensen

Styreleiar IKT Nordfjord

Varamedlem

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
26/001	Godkjenning av innkalling og saksliste
26/002	Godkjenning av møteprotokoll
26/003	Eventuelt
26/004	Årsmelding IKT Nordfjord 2026

26/001: Godkjenning av innkalling og saksliste

Dagleg leiar si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

IKT Nordfjord - Representantskap 13.04.2026:

IKTNFR- 26/001 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

26/002: Godkjenning av møteprotokoll

Dagleg leiar si tilråding:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.

IKT Nordfjord - Representantskap 13.04.2026:

IKTNFR- 26/002 Vedtak:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.

26/003: Eventuelt

IKT Nordfjord - Representantskap 13.04.2026:

Handsaming:

Representantskapet ønskte informasjon om KI prosjektet som er eit felles prosjekt saman med IKT Nordhordland og SySIKT. Administrasjon IKTNF informerte om status i dag og planane framover. Dei fekk også informasjon om Kunstig Intelligens prosjektet for oppvekst og om midlar som prosjektet har fått tildelt frå Statsforvaltaren for å breidde plattformen i skulane i Nordfjord. Prosjektet har fått arbeidstittelen: *"Kunstig intelligens i skulen- frå pilot til trygg praksis"*.

Målet med prosjektet er å utvikle ein trygg, fleksibel og pedagogisk relevant KI-plattform som støttar læring i grunnskulen, utan at persondata forlèt kommunal kontroll.

Løysinga skal utviklast på vegner av- og saman med-kommunane i IT Vestland og skal vere tilgjengeleg som ei felles plattform som kan tilpassast lokale behov der ein kan velje den språkmodellen som innfrir kommunane sine krav.

Gjennom etablering av eit teknisk rammeverk skal prosjektet leggje til rette for bruk av språkmodellar i eit lukka miljø der all databehandling skjer innanfor kommunane sine system.

Plattformen skal gjerast tilgjengeleg for lærarar og elevar, og tilpassast ulike fagområde og alderstrinn.

Prosjektet skal gjennomførast av ei felles prosjektgruppe med representantar frå IKT samarbeida og

kommunane sine fagpersonar frå skulane. Arbeidet blir delt inn i fasar for utvikling, testing og implementering, der både lærarar, elevar og personvernombod blir involvert.

26/004: Årsmelding IKT Nordfjord 2026

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret i IKT Nordfjord rår til at årsmeldinga for 2025 blir godkjend av representantskapet.

IKT Nordfjord - Styremøte 10.03.2026:

IKTNFS- 26/08 Vedtak:

Styret i IKT Nordfjord godkjenner Årsmelding 2025 og rår til at årsmeldinga for 2025 blir godkjend av representantskapet med desse merknadane:

* Punkt 3.1: Per Kjøllesdal er leiar for Representantskapet

*Side 10 i årsmeldinga: Under utvikling av saker og innkomande telefonar over tid skal det stå **Saker i snitt kvar veke** og **Tlf. i snitt kvar veke**.

IKT Nordfjord - Representantskap 13.04.2026:

Handsaming:

Merknadane frå styret vil bli korrigert i eit nytt dokument for årsmeldinga.

IKTNFR- 26/004 Vedtak:

Årsmeldinga for 2025 vert godkjent av Representantskapet.